

Kjøpsavtale bustadfelt – Ytre Haugsdal

mellom

Jannicke Johnsen

(seljar, som er heimelshavar (eig) gnr. 1 bnr.1 (Ytre Haugsdal i Masfjorden kommune)

og

Masfjorden kommune (org nr. 945627913)

(kjøpar)

1. Føremålet med avtalen

Kjøp av areal:

Masfjorden kommune kjøper areal frå gnr. 1 bnr.1 i Ytre Haugsdal. Arealet er på ca 22 dekar og skal nyttast til bustadfelt.

2. Kjøpet gjeld eigedom

Det vert vist til vedlagde utsnitt av plankart og ortofoto dagsett 17.02.2022 som viser området som skal kjøpast. Det aktuelle arealet er på om lag 22 dekar, og gjeld det regulerte arealet med unnatak av fylkesvegarealet og bustadtomtene 1 og 2 i vest. Mindre avvik når det gjeld avståing av areal må kunne påreknast.

3. Kjøpesum

Avtalt kjøpesum er på krone 2.000.000,- (2 millioner kroner).

4. Bruk av eigedomen fram til eigarskiftet er på plass

Kjøparen kan ta grunnen i bruk når kontrakten er underteikna av begge partar. Seljar kan nytte området til beite og stelle arealet som før til byggjearbeidet skal starta opp.

5. Gjennomføring av avtalen

Kjøpar får fullmakt til å senda inn delingssøknad og rekvirere oppmåling så snart seljar har underskrive denne avtalen. Seljar og kjøpar skal begge vera representert på oppmålinga.

Sluttoppgjer i form av kjøpesum, jf punkt 3 skal betalast inn på seljar sin konto innan 3 veker etter at arealet er tinglyst på kjøpar.

6. Kostnader knytt til kjøpet og vilkår knytt til tomt nr 1 og 2

Kjøpar ber alle kostnader i samband med overdraginga av arealet, inkludert gebyr knytt til delingssøknad og oppmåling, samt utgifter knytt til tinglysing av skøyte og dokumentavgift.

Dei to tomtene 1 og 2, som ikkje er ein del av salet, får rett til å kopla seg til dei offentlege anlegga (veg, vatn og avlaup. Tilknytingsavgift til vatn og avlaup og årsavgift knytt til vatn og avlaup må betalast på vanleg måte i samband med søknad om ferdigattest bustad. Kommunen pliktar å byggja veg 02, samt vatn og avlaup fram til desse to tomtene samstundes med resten av bustadfeltet, jf kart av 17.12.2021 vedlagt denne avtalen, som viser vegen.

7. Rettar knytt til vass- og avlaupsleidningar, el. og fiberkablar m.v.

Køpar får rett til å føra fram vassleidning fram til bustadfeltet over gnr 1 bnr 1 frå kommunal hovudleidning, og til å føra ut reinsa avløpsvatn frå 2 planlagde minireinseanlegg ut i terreng to stadar på gnr 1 bnr 1. Det vert og gjeve rett til å føre fram naudsynt el. kabel og fiber i grøft over gnr 1 bnr 1, samt til å vedlikehalda alle grøfter og anlegg knytt til dette. Eigne detaljteikningar knytt til desse framføringane vil bli lagt fram for seljar til orientering før bygginga startar opp. Det vert vist til kartvedlegg 2 og 3 dagsett 17.11.2022 som viser framføring av vatn og planlagt avlaupsleidning til terreng etter to minireinseanlegg.

8. Trevirke og jordmassar

All overskytande masse som stein og jord frå feltet skal lagrast i ein tipp på gnr 1 bnr 1, og massane her tilhøyrer eigaren av gnr. 1 bnr.1.

Skog som vert fjerna frå bustadfeltet skal sagast i passelege lengder, og skal leggjast på tilvist plass ved veg, slik at grunneigar kan frakta dette vekk.

9. Gjerdeplikt mot utmark/ beite

Masfjorden kommune skal sikre at alle bustadtomter som vender mot utmarka/ beitearealet på gnr 1 bnr 1 skal ha tinglyst gjerdeplikt mot utmarka. Gjerda skal ha ei høgd på minimum 1,2 meter.

10. Oppseiing

Kontrakten kan ikkje seiast opp av nokon av partane etter at den er signert.

11. Tvistar

Partane er samde om at eventuelle tvistar skal verta forsøkt løyst ved forhandlingar partane i mellom. Dersom det ikkje vert semje skal tvistar mellom partane verta avgjort for ordinære domstolar med Bergen tingrett som verneting.

12. Tinglysing

Denne avtalen kan tinglysast som hefte på eigedomen.

Denne kjøpskontrakten er utarbeida i 2- to- likelydande eksemplar med kartvedlegg, og kvar av partane sit med eitt eksemplar i underskriven form.

.....den2022 , den2022

Karstein Totland
Ordfører i Masfjorden kommune

Jannicke Johnsen
(seljar av gnr. 1 bnr.1)
Personnummer:.....

Vedlegg


Vedlegg 1, Kart av 17.02.2022 som viser arealet som skal kjøpast

Vedlegg 2 Ortofoto dagsett 17.02.2022 som vier arealet som skal kjøpast

Vedlegg 3, Kart som viser planlagt veganlegg

Vedlegg 4, Kart som viser planlagt vatn- og avlaupsanlegg

Vedlegg 1 «Kartutsnitt av reguleringsplankart for bustadfelt Ytre Haugdsdal dagsett 17.02.2022» knytt til denne kjøpskontrakten på gnr. 1 bnr.1 i Masfjorden kommune.



...../.....2022.

...../.....2022

Signert av seljar

.....
Signert av kjøpar

Vedlegg 2 : Kart – ortofoto dagsett 17.02.2022 som viser areaet som skal kjøpast




...../.....2022.

Signert av seljar

...../.....2022

.....
Signert av kjøpar

Vedlegg 3 Kart om viser planlagt veganlegg



Vedlegg 4 – Kart som viser vatn- og avlaupsanlegga

